

## **SAK 42/21 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL**

### **Saksopplysning:**

Arbeidsdokumentet Strategisk plan Hallingdal, sjå vedlegg, er resultat av innspel som har kome frå alle kommunar, fleire ulike personar, interessegrupper, lag og organisasjonar, ifrå prosessen starta i Hallingtinget 19. juni 2020 og fram til i dag. Regionrådet har hatt saka oppe fleire gonger det siste året. I april, i sak 34/21 fatta Regionrådet følgjande vedtak:

1. Regionrådet ber dagleg leiar innarbeide endringane i «Utkast til Strategisk Plan Hallingdal» og legge det ut på høyring i kommunane.
2. Regionrådet rår Hallingtinget til å vedta Strategisk Plan Hallingdal

Saka har vore ute til ei høyring i kommunane i ca tre veker. Regionrådet skal ta stilling til dei siste innspela frå kommunane og kvalitetssikre planen før den blir sendt til Hallingtinget.

### **Vurdering:**

Det har sidan oppstarten vore semje om at følgjande skal vera på plass når planen er vedteken:

- Planen skissere kva regionen må, eller ønskjer å samarbeide for å få til utvikling.
- Målsetingane er realistiske og mogelege å nå
- Det er evne og vilje til å gjennomføre det som står i handlingsplanen, både med tanke på økonomi, tid og personalressursar

Dagleg leiar ser at handlingsplanen til Strategisk plan, slik den no ligg føre, med fordel kan spissast og kvalitetssikrast. Dette gjeld spesielt dei tiltaka som krev kommunal eller ekstern finansiering, samt at ein er sikker på at det er sett av tid nok til gjennomføring av tiltaka.

### **Forslag til vedtak**

Regionrådet rår Hallingtinget til å vedta Strategisk Plan Hallingdal

Hallingdal, 15. mai 2021

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

Vedlegg:

Utkast til Strategisk Plan Hallingdal